

AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA

VEDLEGG

TIL ÅRSMØTET

16.06.2026

Sak 01/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG DAGSORDEN

Framlagt:

Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne innkalling og dagsorden.

**Sak 02/26 VAL AV MØTELEIAR OG 2 PERSONAR TIL Å
MEDUNDERTEIKNA PROTOKOLLEN**

Framlagt:

Forslag til at Årsmøte kjem med framlegg om møteleiar.
Forslag til at Årsmøte kjem med til 2 personar til å signere protokollen.
Forslag til at Årsmøte kjem med forslag til 3 personar til teljekorps.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å leggje fram forslag.

Sak 03/26 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG RESULTATREKNESKAP

Framlagt:

Forslag til årsmelding for 2025.
Forslag til rekneskap med resultat, balanse og notar for 2025.
Revisors beretning.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne rekneskap med resultat, balanse og notar og styret si melding for 2025.

Sak 04/26 ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR

Framlagt:

Forslag til årsoppgjerdisposisjon.

Tilråding:

Tilråding:

Val av styre:

Valnemnda vil tilrå val av **Astrid Kalve for 1 år.**

Valnemnda vil tilrå val av **Anja Heggholmen for 2 år.**

Valnemnda vil tilrå val av **Fredrik Hufthammer for 2 år.**

Val av styreleiar:

Valnemnda vil tilrå val av **Mons Ove Hauge for 1 år.**

Val av varamedlemmer:

Valnemnda vil tilrå slikt val av vararepresentant **Hilde Drønen for 2 år.**

Val av valnemnd:

Styret vil tilrå val av **Alice Austevoll Halstensen for 3 år.**

Sak 07/26 GODTGJERSLE TIL STYRE, STYRELEIAR OG VALNEMD

Framlagt:

Valnemnda foreslår at alle godtgjersler vert auka med 5 prosent.

Godtgjering til styreleiar: kr. 85 030,- per. år, til 89 300,- pr. år.
Godtgjering til nestleiar: kr. 48 030,- per. år, til 50 700,- pr. år.
Godtgjering til styremedlem: kr. 36 750,- per. år, til 38 590,- pr. år.

Møtegodtgjering aukast frå kroner 2 730,- til kroner 2 860,- per møte.

Styret foreslår å ikkje auke godtgjersle til kvar av dei 3 medlemmane i valnemnda Total kostnad for AVA per medlem i valnemnda 2026/27 blir då kr 6.500,-.

Tilråding:

Valnemnda tilrår at årsmøtet godkjenner fyljande kompensasjon:

Godtgjersla til styreleiar:	89 300,- pr. år.
Godtgjersla til nestleiar:	50 700,- pr. år.
Godtgjersla til styremedlem:	38 590,- pr. år.

Møtegodtgjersla fastsetjast til kroner 2 860,- per møte.

Godtgjersle til kvar av dei 3 medlemmane i valnemnda vert sett til kr 6 500,-

Sak 08/26 VEDTEKTSENDRING - § 7

Framlagt

Forslag til nytt punkt i vedtektene

Bakgrunn

Føretaket har behov for å endra vedtektene for å tydeleggjera gjennomføring av § 7 Årsmøte på ein praktisk best mogeleg måte og for å unngå mistydingar.

Samvirkelova finnes i sin heilskap på nettsida til lovdata.no.

Ved vedtektsendring er det krav til fleirtal med to tredeler av dei avgitte stemmene.

Ved endring av føretakets vedtektsfesta føremål er det krav til fleirtal med minst fire femtedelar av dei røystene som er gitt, på to etterfølgjande årsmøter. Sjå elles samvirkelova § 54.

Endring

Det leggst til eit nytt punkt under § 7 Årsmøte.

«4. Underlags dokument for handsaming av sakene på årsmøte jf. samvirkelova § 41(2) skal gjerast tilgjengelege elektronisk på AVA si nettside og fysisk på administrasjonsbygget, jamfør § 41(3). Det skal opplysast i innkallinga kvar, og korleis medlemar får tilgang til dokumenta.»

Kommentar:

Det er lagt til eit punkt under § 7 Årsmøte. som presiserer tilgjengeleggjering av dokumenter som skal handsamast på årsmøte. Styret ynskjer at dette blir gjort på ein så praktisk enkel

og berekraftig måte som mogeleg som også tilfredsstillar alle krav til gjennomføring av årsmøte.

§ 7 *Årsmøte* punkt 4., blir nytt punkt 5.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne nytt punkt i vedtektene som dei er framlagde.

Sak 09/26 Kontrollkomité

Framlagt

Forslag til kontrollkomité, og nytt punkt i vedtektene.

Bakgrunn

Føretaket har fått inn forslag frå medlem om å oppretta kontrollkomité i selskapet. Dette må handsamast av årsmøtet.

Forslag til vedtektsendring:

«Samvirkelaget skal ha en kontrollkomité på tre medlemmer som velges av årsmøte for to år av gangen.

Ved første gangs oppnevning velges et av medlemmene for ett år, de to øvrige for to år.»

Kommentar:

Styret har ikkje fått noko utvida grunngjeving for forslaget. Styret ser ikkje behov for ein kontrollkomité, styret er valt av årsmøtet og dermed av medlemmene. Selskapet er oversiktleg og det er spesifikke lover, reglar og krav frå myndigheiter på leveranse av vatn og avløp. Styret ser dermed ikkje kva meirverdi ein kontrollkomité vil ha i selskapet. Ein kontrollkomité vil genera meir arbeid for administrasjonen og styret i selskapet samt kostnader, utan at det er klart at det vil gje meir verdi for kundar og medlemmar.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å ikkje godkjenne nytt punkt i vedtektene om kontrollkomité.

VEDLEGG FRÅ VALNEMDA 19.05.2026:

Innstilling frå valnemnda til årsmøtet, 2026 Austevoll Vatn og Avløp

Valnemnda har bestått av;
Alice Austevoll Halstensen
Alfred Økland
Svein Arne Kalvenes

Nemnda har hatt 3 møter.

På val i 2026 står:

Styreleiar:
Styremedlemmer:
Astrid Kalve
Anja Heggholmen
Øyvind Bruntveit

Øyvind Bruntveit er tilsett som driftsleiar i Austevoll Vatn og Avløp frå 1. mai 2026. Det må difor veljast eit nytt styremedlem.

Varamedlem:
Hilde Drønen

Nemnda føreslår at følgjande vert vald til styret;

Tre styremedlemmer:

Astrid Kalve attval som styremedlem for eit år
Anja Heggholmen attval som styremedlem for to år.
Fredrik Hufthammer som ny styremedlem for to år.

Styreleiar:

Nemnda føreslår Mons Ove Hauge som styret sin leiar, attval for eit år.

Varamedlem:

Hilde Drønen som varamedlem for to år.

Godtgjersle;

Valnemnda føreslår at alle godtgjersler vert auka med 5 prosent.

Satsane blir etter dette:

Styret sin leiar	89 300
Styret sin nestleiar	50 700

Styremedlem 38 590
Møtegodtgjersle. 2 860

Fra 1. januar 2026 var det ikkje lenger høve til å registrere nestleiar i Enhetsregisteret. På bakgrunn av denne endringa, oppfordrar valnemnda styret til å vurdere om det er behov for å ha nestleiar.

Austevoll 19.mai 2026

Alice Austevoll Halstensen

Alfred Økland

Svein Arne Kalvenes

VEDLEGG FRÅ STYRET 19.05.2026:

Valnemnda har bestått av:

Alice Austevoll Halstensen (2024- 2026)

Alfred Økland (2024-2027)

Svein Arne Kalvenes (2025-2028)

Val av valnemnd:

Alice Austevoll Halstensen går ut av valnemnda etter 2 år.

Styre vil tilrå slikt val av medlem til valnemnda i 3 år.:

Valnemnd medlem: Alice Austevoll Halstensen for 3 år.

Styret i AVA